



Jobbnorge-ID: 278773

Søknadsfrist: 12.05.2025

Nettside: <https://www.uib.no/om/84775/ledige-stillinger-ved-uib>

Omfang: Heltid

Varighet: Åremål

Stipendiat i moderne midtaustenhistorie

UiB - Kunnskap som formar samfunnet

Gjennom eit sterkt og tett samspel med omverda - globalt, nasjonalt og lokalt - skal vi medverke til eit samfunn bygd på kunnskap, ferdigheiter og haldningar.

Vil du vere med å forme framtida?

Video: <https://youtu.be/vtJLmcUJ3-w>

Stipendiat i moderne midtaustenhistorie

Velkomen som søkjar til ei stipendiatstilling i moderne midtaustenhistorie ved [Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap](#). Planlagt oppstart er januar 2026, eller etter avtale. Stillinga er for ein åremålsperiode på fire år.

Vi ønskjer velkomne kandidatar som arbeider med det moderne Midtausten si historie i perioden frå slutten av 1800-talet og framover. Vi er særskilt interesserte i prosjekt som omhandlar tema som kulturell produksjon og utveksling, ny teknologi og sirkulasjon av kulturelle og materielle gjenstandar, populærkultur, fritid og underhaldning, og danning av kjønn og seksualitet. Prosjekt som ser på desse tema i eit transregionalt og transnasjonalt perspektiv er særleg velkomne.

Vi ser gjerne at prosjektet fokuserer på område, samband og aktørar som tradisjonelt har fått lite plass i forskinga på det moderne Midtausten, og regionen sin plass innan globale og regionale modernitetsprosessar.

Om forskargruppa:

Stillinga er knytt til den tverrfaglege forskargruppa [Senter for Midtausten- og islamske studier](#) ved instituttet. Forskargruppa har som overordna mål å skape ein samarbeidsplattform for forskning og undervising om Midtausten, naboregionar og islam, i tillegg til å samle forskarar frå ulike institutt og institusjonar innan høgare utdanning i Bergen. Dei noverande medlemene av forskargruppa har særleg interesse for globale samanhengar og lokale forhold i område som Nord- og Aust-Afrika, Sudan, Irak, Golfen, Iran og Indiahavet. Forskargruppa organiserer regelmessige seminar, lesegrupper, gjesteførelingar og internasjonale workshops. Forskargruppa vil tilby eit framifrå, mangfaldig, inkluderande og stimulerande forskingsmiljø for den vellukka søkjaren.

Om stipendiatstillinga og forskarutdanninga:

Stipendiatstillinga har som hovudmål å leie fram til ein ph.d.-grad, som kvalifiserer for sjølvstendig forskingsverksemd og for anna arbeid i samfunnet som krev særleg kompetanse.

Samla stipendperiode er fire år, der 2,5 år er sett av til arbeid med sjølv doktorgradsprosjektet, mens totalt eitt år av tida blir nytta til karrierefremjande arbeid innan undervising, formidling og administrasjon. Plan for denne delen av stillinga blir avtalt med instituttet ved tilsetjing.

Stipendiatar skal delta i [Det humanistiske fakultetet sitt ph.d.-program](#). Ph.d.-programmet inneheld ein opplæringsdel på 30 studiepoeng. Seks månadar av tilsetjingsperioden er satt av til denne opplæringsdelen.

Kvalifikasjonar og personlege eigenskapar:

- Søkjar må ha norsk mastergrad eller tilsvarende utanlandsk grad innan historie eller ein nærliggande fagdisiplin med eit sterkt historisk fokus. Det er ein føresetnad at mastergraden er oppnådd innan søknadsfristen går ut. Annan grad enn norsk mastergrad blir vurderte etter krav frå Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, og opptakskrava for ph.d.-programmet ved Det humanistiske fakultet.
- Søkjar må kunne arbeide sjølvstendig, strukturert, og ha gode samarbeidsevner.
- Søkjar må beherske engelsk, skriftleg og munnleg.
- Arabiskkunnskapar blir sett på som ein fordel.

Søklarar vil bli vurderte etter opptakskrav frå Det humanistiske fakultet, etter [Ph.d.-programmets pkt. 2.1](#).

Søkjarar må leggje fram ei prosjektskisse til eit forskingsprosjekt som skal munne ut i ei doktorgradsavhandling, samt ein framdriftsplan for prosjektet.

Ved vurderinga av søknadene blir det lagt vekt på den vitenskaplege kvaliteten i prosjekta, kor gjennomførleg dei skisserte prosjekta er, samt dei faglege grunnkvalifikasjonane hjå søkerane. Det vil vidare bli lagt vekt på fagstrategiske omsyn, motivasjon og kor personleg eigna søkerane er.

Vi tilbyr:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø.
- Brutto årsløn på kr 560 000 i full stilling (kode 1017). Vidare lønsopprykk skjer etter ansiennitet i stillinga.
- Medlemskap i Statens pensjonskasse.
- Gode [velferdsordningar](#).

Slik søker du stillinga:

Søknaden skal sendast elektronisk via lenkja «SØK STILLINGA» på denne sida. Søkjaren må nytte det elektroniske CV-skjemaet. Søknaden skal innehalde:

- Prosjektskisse (inntil fem sider/12 000 teikn medrekna mellomrom, litteraturliste ikkje medrekna). Prosjektskissa skal ha eit sterkt historisk fokus og skildre det vitenskaplege prosjektet tydeleg, med forskingsbakgrunn, hovudproblemstillingar, teori, og metode. Skissa skal òg skildre empirien som skal bli brukt i prosjektet.
- Litteraturliste for prosjektskissa.
- Framdriftsplan for prosjektet som tek omsyn til karrierefremjande arbeid og ph.d.-programmet sin opplæringsdel.
- Ei kort utgreiing om forskningsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga.
- CV.
- Karakterutskrift og vitnemål for bachelor- og mastergrad. Dersom omfanget på masteroppgåva ikkje er oppgitt i karakterutskrifta eller vitnemålet for mastergraden, må det leggjast ved stadfesting frå den gradgjevande institusjonen som spesifiserer oppgåva sitt omfang i ECTS.
- Eit kort samandrag av masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve (inntil tre sider).
- Liste over eventuelle faglege publikasjonar (publikasjonsliste).
- Eventuelle publikasjonar (inntil tre).
- Relevante attestar.
- Namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, der ein av desse må vere hovudrettleiaren frå masteroppgåva eller tilsvarande oppgåve.

Søknad og vedlegg må vere på norsk, eit anna skandinavisk språk eller engelsk. Dokumentasjon på andre språk må følgjast av attestert omsetjing. Vedlegga kan vere i Word- eller PDF-format, og må lastast opp i Jobbnorge innan søknadsfristen.

Vurderingskomiteen kan i særskilde tilfelle be om ettersending av dokumentasjon.

Aktuelle søkerar vil bli inviterte til intervju.

[Nærare om tilsettingsprosessen her.](#)

Andre opplysningar:

Kandidatar som tidlegare har hatt doktorgradsstipend ved Universitetet i Bergen, kan ikkje søkje.

Tilsetjingsperioden kan bli redusert dersom den som blir tilsett tidlegare har vore tilsett i rekrutteringsstilling.

Tilsetjing i stillinga krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen og at ein rettar seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å kontakte instituttleiar, professor Teemu Sakari Ryymin, e-post: teemu.ryymin@uib.no, telefon: +47 55 58 38 79 eller førsteamanuensis Pelle Valentin Olsen, e-post: pelle.olsen@uib.no, telefon: +47 55 58 22 34.

Spørsmål om den elektroniske søknadsprosessen kan rettast til Det humanistiske fakultet på e-post: fakadm@hf.uib.no.

[Internasjonalt senter](#) ved UiB har informasjon om å flytte til Noreg for internasjonale søkarar.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Vi oppmodar menn om å søkje. Dersom fleire søkerar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvoteing.

Mangfald er ein styrke og gjer at vi kan løyse oppgåvene våre endå betre. UiB treng difor kvalifiserte medarbeidarar uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk og alder.

Vi oppmodar søkerar med funksjonsnedsetjing, innvandrarbakgrunn eller hól i CV-en til å søke. Dersom du kryssar av for dette i søknaden kan du bli positivt særbehandla. Vi inviterer alltid minst ein kvalifisert søker frå kvar av desse gruppene til intervju. Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Livet som ph.d.-kandidat ved UiB

Astrid Nybø forteller om livet og arbeidshverdagen som ph.d.-kandidat ved UiB.

Video: <https://www.youtube.com/watch?v=Eo3Z63yzkKA&list=PLf8ZIYfAO0qjhROTj6SthDbSScg0lSO6G&index=5>

Kunnskap som formar samfunnet

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det humanistiske fakultet består av fire institutt og fire senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted:

Øysteins gate 3 5007 Bergen (Bergen Kommune)